

Nådegaver som velsigner



Velkommen til
REGIONKONFERANSEN 2025
Salem Konferansesenter 4.-6. april

Regionkonferansen 2025

Nådegaver som velsigner

Dato: **4. - 6. april 2025**

Sted: **Salem Bergen**

Program:

Fredag

- 19:00 Kveldsmøte.
Thomas Neteland
Kafe og sosialt etter møtet

Lørdag

- 10:00 Morgenmøte: Marit Andersen
11:50 Sesjon I: Eivind Sætre
12:40 Lunsj
13:40 Sesjon II: Marit Andersen
15:00 Årsmøte
18:00 Middag
19:30 Kveldsmøte:
Inga-Birgithe Sætre Knutsen

Søndag

- 11:00 – Regiongudstjeneste m/Barnekirke:
Ketil Jensen



Se nlm.no/vest/regionkonferanse

Påmelding til barneaktiviteter og mat lørdag

Påmeldingsfrist 26. mars

Barnekonferansen lørdag

- 09:30 Registrering/få t-skjorte
10:00 Felles start på Morgenmøte
10:30 Supersamling, utlodning, band
12:40 Felles lunsj
13:40 Aktiviteter
 0-3 år: lekekrok i salen
 3-6 år: Barnehagen i Salem
 1.-7. kl: Flipzone eller Vilvite
17:30 Avslutningssamling for alle



THOMAS NETELAND
Foto: Pinsebevegelsen



MARIT ANDERSEN
Foto: Heidi G. Klingsheim



INGA-BIRGITHE S. KNUTSEN
Foto: Oase

Velkommen

Vi ønsker alle hjertelig velkommen til en helg med fellesskap på tvers av både alder og geografi. Det blir god undervisning over samme tema fra fredag til søndag. Vi lovsynger sammen og lørdag er det både en egen Barnekonferanse og fellesmåltider (husk å melde på barna og bestille mat innen 26. mars).

Håper vi sees!

Barnekonferansen (lørdag)

Regionkonferansen er for alle, også de unge. Lørdag er det eget program for de t.o.m. 7. kl. Søndag er det barnekirke delvis sammen med og delvis parallelt med gudstjenesten (se program s. 2)

Lørdag kan barna være med på ulike aktiviteter, litt etter alder:

0-3 år: Lekekrok bak i hovedsalen i Salem (tilgjengelig hele dagen). Foreldrene er ansvarlige.

3-6 år: I barnehagen i Salem: bl.a. kino m/popcorn, utflukt, matlaging og gaveverksted

1.-7. kl.: FlipZone - Trampolinepark med mye gøy (kr 330,-)

eller: **VilVite** – stedet der alle er oppdagere og skapere – mye gøy å oppleve, gjøre og lære, inkl. å utforske den store interaktive utstillingen (kr 270,-)

Påmelding til aktivitetene innen 26. mars på nlm.no/vest/regionkonferanse

Mat

Fredag er det åpen kiosk i kafeen etter møtet.

Lørdag serverer vi lunsj (bagetter) og middag (pizza):

Lunsj og middag: kr 220,- (barn kr 120,-)

Bare lunsj: kr 100,- (barn kr 50,-)

Bare middag: kr 130,- (barn kr 75,-)

Husk: **Lunsj og middag må bestilles innen 26. mars** på nlm.no/vest/regionkonferanse

Lørdag og søndag: Kaffe og kaker.

Om du (eller noen du kjenner) kan tenke deg å **bidra med kake** el.l, blir vi veldig glade. Send oss i tilfelle et ord til vest@nlm.no

Årsmøte

Alle innmeldte lag og grupper (også barne- og ungdomslag) kan sende (minst) to **delegater** (15 år eller eldre) til årsmøtet. Det er viktig at de **melder seg på, innen 26. mars**, på nlm.no/vest/regionkonferanse (samme påmelding som for mat og barneaktiviteter).

INNHOLD

Del 1:

- s. 2 Program for Regionkonferansen og Barnekonferansen
- s. 3 Praktisk informasjon
- s. 4 Sakliste
- s. 5 Årsmelding for Misjonssambandet vest
- s. 10 Årsmelding frå barne- og ungdomsarbeidet
- s. 15 Rekneskapsrapport
- s. 17 Kandidatar til regionstyret
- s. 18 Kandidatar til barne- og ungdomsrådet
- s. Kandidatar til tilsynsråd
- s. 19 Kandidatar til valnemnd

Del 2:

- s. 22 Årsmeldingar frå leirplassar
- s. 25 Årsmeldingar frå områda
- s. 30 Årsmeldingar frå misjonsforsamlingane
- s. 44 Årsmeldingar frå skulane
- s. 51 Årsmeldingar frå andre institusjonar
- s. 62 Arrangementsoversikt

SAKLISTE

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 Konstituering

- a) Val av ordstyrar
- b) Val av referent
- c) Val av to protokollunderskrivarar
- d) Val av teljekorps

Sak 3 Årsmelding

Sak 4 Rekneskap

Sak 5 Val av medlemmer til:

- Regionstyret
- Barne- og ungdomsrådet (BUR)
- Tilsynsråd
- Valnemnd

Sak 6 Samtale om arbeidet

ÅRSMELDING FOR

MISJONSSAMBANDET VEST 2024


INNLEIING

Me var også i 2024 tiltrudde forvaltaransvaret for midlar og mannskap. I samsvar med lov for NLM Region vest §1 har me arbeida for føremålet til region vest, som er å forkynne evangeliet om Jesus og formidle "ansvar for misjon nasjonalt og internasjonalt", jf. grunnreglane for Norsk Luthersk Misjonssamband § 1.

Føremålet vart i 2024 konkretisert i ein handlingsplan framlagt til orientering for årsmøtet våren 2024. Den var basert på strategiplanen vedteken på GF2022 med følgjande satsingsområde 1: Evangeliet til dei minst nådde. 2: Evangeliet til neste generasjon. 3: Ten kvarandre. 4: Elsk din neste. 5: Gjer disiplar 6: Nyskapande formidling. 7: Ansvarleg forvaltning.

STATUS FOR KVAR AV DEI 7 SATSINGSSOMRÅDA I HANDLINGSPLANEN PR. 31.12.2024

Diagrammet nedanfor viser resultatet på korleis vaksen-fellesskapa i regionen vurderer arbeidet ut i frå dei sju satsingsområda i strategi- og handlingsplanen. Me har fått inn svar frå 42 av i alt 189 vaksen-lag, som inneber alt i frå forsamlingar til smågrupper og NLM-kontaktar. Søylene viser kor mange som har svart dei ulike vurderingsalternativa. Alternativa strekkjer seg frå 1-5, der 1 vil seie at laget har veldig lite fokus på dette satsingsområdet, og 5 vurderast som veldig mykje fokus.



Gjennomsnittstal frå dei ulike satsingsområda:

1. Evangeliet til dei unådde:	3,50
2: Evangeliet til neste generasjon:	3,19
3: Ten kvarandre:	3,52
4: Elsk din neste:	3,36
5: Gjer disiplar:	2,88
6: Nyskapande formidling:	2,48
7: Ansvarleg forvaltning:	2,88

Regionen har vidare utarbeida ein strategi- og handlingsplan ut i frå dei sju satsingsområda. Sjå vedlegg 1 på s. 59 i Årsmeldingsheftet del 2.

INSTITUSJONAR I MISJONSSAMBANDET VEST

Regionen har oppretthalde eit stort arbeid på sine institusjonar og føretak:

- **Gjenbruksbutikkane** har lagt bak seg eit nytt og spennande år. Her i regionen vart det etablert ein ny gjenbruksbutikk i Balestrand, medan Gjenbruken Bergen flytta frå Haukeland til Åsane.
 - Butikken i Balestrand, som opna 2. mai, hadde eit positivt driftsresultat på 15.000 kr.
 - Butikken i Åsane hadde ein del ekstra kostnader knytt til flyttinga, kor det også vart to månadar utan drift. Driftsresultatet enda med eit underskot på 505.000 kr.
 - Vi har også ein gjenbruksbutikk på Askøy, som hadde eit godt år. Driftsresultatet enda med eit overskot på 494.000 kr.
 - Me må få takke alle eldsjelene som står på i gjenbruksbutikkane våre. I tillegg til sal og drift, skapar de også eit godt miljø for alle besøkande!
- **Våre vidaregåande skular Sygna og Kongshaug** er viktige utdannings- og formings-skular for den oppveksande generasjon i ei krevjande tid.
- **Danielsen-skulane** er med på å bygge ungdomen i ein viktig alder.
- **NLA høgskulen**, som er ein særsviktig samfunnsaktør på utdanningsfronten, utvida med Hauge School of Management hausten 2024, som er økonomi- og innovasjonsstudiar med vekt på etikk.
- **Barnehagane** er det største barnearbeidet me har i regionen, med ca. 550 born dagleg heile veka og kontaktflate mot ca. 2000 vaksne.
- **Leirstadane** er særsviktige i barne- og ungdomsarbeidet.
- **pTro sitt radioarbeid** har vorte ein viktig talarstol også for region vest, og det er me særskilt takksame for.

Kvar dag blir det gjort ein viktig jobb som utgjer ein skilnad, både for samfunnet og for enkeltmenneske, i dei mange institusjonane Misjonssambandet eig og er medeigar i. Regionstyret vil takka alle dei tilsette for at dei har valt å arbeide for oss, og både tilsette og frivillige i styrer og råd. Me er stolte av dykk. Takk og til dykk som på ulike måtar syner kva det vil seia å vera ein kristen i kvardagen.

Meir informasjon om dei ulike institusjonane i vedlegg 2 på s. 66 i Årsmeldingsheftet del 2.

TILSETTE

Regionstyret har i 2024 hatt fokus på å balansere arbeidsbelastninga på arbeidarane i regionen. Grunna sjukemeldingar og fleire ledige stillingar, både på regionkontoret og i forsamlingane, har arbeidsbelastninga vore stor for mange av våre tilsette. Det er viktig i ei tid som denne, at me tar vare på kvarandre. Regionstyret vurdere kontinuerleg korleis ein kan bruke tilsettressursane våre på best mogleg måte, som også er berekraftig for arbeidet og for den einskilde.

Også for tilsette i distrikta kan det være utfordrande med at ein er mykje åleine i arbeidet. Regionleiinga jobbar derfor med å knytte tettare relasjonar til alle våre tilsette, slik at alle blir følgt opp på ein god måte. Me vil også oppfordra kvar forsamling å sjå litt ekstra til sine tilsette, spesielt der ein veit at det manglar pastor eller i forsamlingar med få tilsette. La oss vise omsorg for kvarandre, og omslutta arbeidarane våre i bøn!

Regionstyret ønsker også å løfte fram behovet me har for pastorar i regionen vår, der både Salem Misjonskirke og Askøy Misjonsforsamling har vore utan pastor lenge. Det er også behov for fleire tilsette på leirplassane Sætervika og Lyngmo. Ver gjerne med og be om gode søkerar til desse stillingane, og at Gud skal kalla fleire til misjonsarbeidet.

Pr. 31.12.2024 hadde me til saman 34 tilsette medarbeidarar i regionleddet og i forsamlingane fordelt på ulike stillingsstørleikar. Tilsette på leirstader, institusjonar og skular kjem i tillegg.

Me ynskjer å takka Helge Kvamme, Marta Marie Kalgraff Kaspersen, Malene Skartveit og Sara Algrøy Løkhammer for tenestene dei fekk ha i regionen. Og me ynskjer Silje Haugom, Reidar Røyset Almedal, Kristine Klausen, Ingrid Øvreås, Jenny Åvendal, Olav Andreas Gjøsæter og Solfrid Sørbø velkomne som nye medarbeidarar.

Utsendingar med tilknyting til region vest:

Bergfrid Almelid (Vest-Afrika), Emely Nikola Joa Amdal (Mongolia), fam. Marius og Karoline S. Bergersen (Japan), Jan Ingve Bernszen (Mongolia), Olav Brennsæter (Vest-Afrika, korteturar), Ektepar (Midt-Austen), Familie (Midt-Austen), fam. Sølv og Øystein Mongstad (Austlege Afrika), fam. Christoffer og Kristin R. Nævdal (Japan), Magnar Olsen (Hongkong), Malvin Ommedal (Bolivia), «Marianne» (Sentral-Asia), Mari og Håkon Rydland (Austlege Afrika), fam. Maria og Eirik Vivelid (Austlege Afrika).

Effektive stillingsprosentar pr. 31.12.2024 lønna over regionbudsjett:

Navn	Stillingsprosent
Regionkontor	260 %
Feltarbeid	480 %
Salem misjonskirke	198 %
Tremorkirken	175 %

Navn	Stillingsprosent
Askøy Misjonsforsamling	20 %
Luster familiemøte	0 %
Logoskyrkja i Førde	20 %
Knarvik misjonshus (tilsett i NLM med plantemidlar)	0 %
Logoskirken, Nesttun (tilsett i ImF)	0 %
Samnanger Misjonsforsamling	0 %
Vik bedehusforsamling	0 %
Heimly forsamling	0 %
Osterøy Misjonsforsamling	0 %
Samla stillingsprosent regionbudsjett	1153 %

Meir detaljert informasjon om dei tilsette med namn og stillingsprosent i vedlegg 3 s. 67, i Årsmeldingsheftet del 2.

MØTEVERKSEMD

Talet på møtesamlingar i regionen i 2024 (tal for 2023):

Møteveker (5-6 møte): 13 (14)

3-4 møte (m.a. møtehelger): 17 (22)

Eitt/to møte: 177 (220)

Både våre løna og frivillige forkynnalar inngår i denne oversikta, men ikkje møte i forsamlingar og bedehus som spør talarar direkte.

Alle som år etter år trufast har misjonsmøte og foreiningsmøte der dei ber for og gjev til misjonsarbeidet, fyller oss med takksemd.

BARNE- OG UNGDOMSARBEIDET

Sjå eiga årsmelding av barne- og ungdomsrådet i Misjonssambandet vest (s. 12).

MISJONSFELLESSKAP - VAKSENLAG

År	2024	2023	2022	2021	2020	2019	2018
Andre misjonsfellesskap	4	4	2	2	2	2	2
Forsamling	11	11	11	10	10	10	6
Smågrupper (bibel- og misjonsgrupper, familieforeiningar, kvinne- og mannsforeiningar)	103	107	108	108	107	106	105
Totalt vaksenlag	118	122	121	120	119	118	113

NLM-KONTAKTAR

År	2024	2023	2022	2021	2020	2019	2018
NLM-kontaktar	73	74	77	80	83	85	98

Dette er kontaktar for bedehus / forsamlingshus dei ulike områda i regionen.

Me har 11 område i 2024, nokre av dei har eige styre.

I sum er det mange frivillige som held arbeidet i gang i dei ulike misjonsfellesskapa. Alle desse er avgjerande for aktiviteten dei ulike stadane. Uvurderleg for drifta er også all forbøn og gaver både i form av kollekt og fast gjevarteneste. Utan at folk bidreg med arbeidsinnsats, pengar og bøn, har ikkje misjonsfellesskapa noko grunnlag for drift.

UTSENDINGANE

Hovudmålsetjinga til Misjonssambandet er verda for Kristus. Ved utgangen av 2024 hadde me 119 misjonærar, eittåringar medrekna, som tilsette i det internasjonale arbeidet. 21 av dei med tilknyting til region vest. Dette er me veldig glade for. Hugs at alle utsendingane våre treng forbøn, også borna.

Samtidig har me framover behov for stadig fleire. Økonomien set diverre eit tak på tal, men me ynskjer å rekruttere fortløpande slik at me kan halde oppe det talet me har i dag. Det er også svært gledeleg at me ser at mange tek kontakt for å spørja om framtidig teneste ute eller ynskjer å reise ut no.

ØKONOMIEN

2024 har vært eit godt finansielt år for Misjonssambandet vest, der auke i skulegåver er den største årsaka til det. Samla gáveinntekter i regionen auka i 2024 til 16,7 mill., opp med omlag 2,7 mill., frå 14,0 mill. i 2023. Regionbidraget, altså det vi kunne sende frå oss til hovudkassa etter at utgiftene i regionen var betalt, var på 6,0 millionar, som er om lag 0,5 millionar meir enn året før.

Ved utgangen av 2024 hadde regionen 839 faste givaravtaler. Totalsummen for fast gjevarteneste for privatpersonar busett i regionen, var om lag 8,4 mill., etter at deler av gáveinntektene er tilbakeført til forsamlingane som følge av fordelingsavtalen. Flest faste givarar finn me i aldersgruppa 20-29 år, og dernest følgjer dei mellom 30-39 år. Takk til deg som kjenner på kallet til å nå vidare ut med evangeliet både nasjonalt og internasjonalt, og som er med og investerer i Guds rike gjennom givartenesta.

Testamentariske gåver i heile Misjonssambandet enda på om lag 23 mill. i 2023. I region vest har me motteke om lag 2 mill. kr. i testamentariske gåver dette året.

ARBEIDARSAMLING 2024

Våre medarbeidarar var inviterte til arbeidarsamling i Sætervika onsdag 3. til fredag 5. januar. Regionstyret var også inviterte torsdagen. 22 personar var med heile tida, 11 personar var med kun torsdag og ein var med torsdag og fredag.

Etter presentasjonsrunde fekk me eit tre timars underhaldande fyrstehjelpskurs før Ketil Jensen presenterte boka «Farlig for fienden». Ikkje visste me då han vart invitert våren 2023, at han no nettopp vart annonsert som leiar av Misjonssambandet Norge. Etter ei gripande bibelsamling med Ketil Jensen, hadde me tre bolkar på til saman fire timer med temaet «trusspråk» halde av Stine Karin Sæle. Fredagen kom med bøn og lovsong, ny bibeltime og gruppесamling før lunsj med avslutning.

Medarbeidarane fekk eige hefte og tilgang til digital utforsking av eigne trusspråk. Sensorisk trusspråk var hyppigast som det sterke blant dei som arbeider i forsamling. Bibelmotivert trusspråk var dominerande hjå forkynnurar, men også trusspråka entusiastisk, asketisk og delande.

REGIONKONFERANSE MED REGIONÅRSMØTE

Nytt av året var regionkonferansen med tema «Drømmen om misjonale fellesskap.» Regionstyret hadde på førehand gjeve mandat til ei gruppe av pastorar og tilsette i region og forsamlingar å auke oppslutnaden om regionårsmøtet.

Dette resulterte i to vellukka konferansar, ein barne- og ungdomskonferanse og ein regionkonferanse i Salem Misjonskirke Bergen, periodevis samanfallande i tid og stad i tidsrommet mellom kveldsmøte fredag 26.04–søndag 28.4.

Fredag kveld starta Christian Løkhammer med «Saman om oppdraget», før Chelsea Ree fortsette laurdag formiddag med «Kalt til disippelskap». «Misionale fellesskap til verden» med impulsar frå Lausanne-konferansen hadde Rolf Kjøde med seg før Jarleif Gaustad delte «Misionale fellesskap til Norge» og «Den lokale kyrkje er verdens håp». Søndag formiddag var det Fredrik Ree sin tur med «Guds ord har framgang», parallelt med barnekirke. Det var morgonbønn laurdag og søndag, og forbønn som mange nyttar seg av, under lovsongen etter talene.

Det var registrert 94, 93 og 92 godkjende stemmer ved dei ulike vala, mot 80 i 2023.

REGIONSTYRET

Fylgjande vart valde til regionstyret for 2 år: Kurt Arild Ohma, Runhild Øvreås og Jan Håkon Reinemo. Frå før sat Elin Ulveseth Minde og Nils Helge Friborg. Vararepresentantar vart Hans Einar Markhus, Kjell Strømme og Roald Viksund, i denne rekjkjefylgje. Regionstyret konstituerte seg med Kurt Arild Ohma som leiar og Elin Ulveseth Minde som nestleiar.

I 2024 har regionstyret hatt 13 møte, herav 3 e-postmøte og resten fysiske møte med anledning til å møte på Teams for dei som ynskjer det. 89 saker er handsama.

HEIMLOV

Regionkontoret har fått melding om følgjande 13 misjonsvener som har fått heimlov i 2024: Signe Skinlo, Arvid August Gjerde, Synnøve Samnøy, Are Næss, Lars Espelid, Arvid August Gjerde, Elen Marie Aadland, Kjersti Sjurseth, Peder Kristoffer Haugland, Ester Haugstveit, Selma Kvame, Signa Gustavsen, Marit Rong Larsson, Signe Gangstø, Bjørg Aase (frå Sunnfjord), Åge Sætre, Gerd Sølvi Landro, Olga Byrknes Nymark, Leif Vikøren.

Me lyser fred over deira minne.

TAKK

Det er med takk me ser tilbake på 2024 og arbeidet me fekk vere med på i misjonen. Takk for gåver, forbøn og gode ord.

Me helsar dykk med 2. Timoteus 1:9-11: Han har frelst oss og kalla oss med eit heilagt kall, ikkje på grunn av gjerningane våre, men etter sin eigen vilje og nåde. Det er den nåden som er oss gjeven i Kristus Jesus frå æva av, og som no har vorte openberra då vår frelsar, Kristus Jesus, kom til jord. Han har gjort døden til inkjes og ført liv og udøyelegdom fram i ljoset ved evangeliet. Det er eg sett til herold, apostel og lærar for.

Regionstyret pr. 31.12.2024:

Kurt Arild Ohma (leiar), Elin Ulveseth Minde (nestleiar), Runhild Øvreås, Nils Helge Friborg, Jan Håkon Reinemo, Hans Einar Markhus (1. vara), Kjell Strømme (2. vara), Roald Viksund (3. vara).



Tema: Livets lys

misjon25.no

Generalforsamling og sommerfest

Misjon25

Stavanger Forum 8.–13. juli 2025



Følg @misjon25 på
sosiale medier



Misionssambandet

ÅRSMELDING

BARNE- OG UNGDOMSARBEIDET

I MISJONSSAMBANDET VEST 2024

Da er det igjen tid for å skrive årsmelding, og vi ser tilbake på et år med mange kjekke leirer og arrangement, møter mellom mennesker, aktiviteter i de lokale lagene, ledertrening og mye mer.

Lagsarbeidet er en av grunnpilarene i arbeidet vårt. Hvert år er det noen barne- og ungdomslag som blir opprettet og noen som bli nedlagt, hvor de fleste endringene skjer i forsamlingene våre. Generelt sett har vi hatt et utrolig stabilt tradisjonelt barne- og ungdomslag, men i 2024 var det flere lag/kor som signaliserte at de måtte legge ned. De aller fleste lagene drives på ren frivillig innsats, og vi takker alle som lager arenaer for fellesskap, trosopplæring og er med på å nå barn og unge i sitt nærmiljø og i sine forsamlinger med evangeliet om Jesus.

De ansatte i ungavdelingen har reist rundt på besøk til de lagene som har ønsket det og bidratt med andakt, misjonsinformasjon og aktiviteter. De har også invitert til leir, og vi ser fordelene med at barna kjenner de ansatte når de kommer på leir. En del lag har også ledere som reiser sammen med barn fra sitt lokale arbeid.

Lagsoversikt	2024	2023	2022	2021
UNG: Barnelag	30	29	27	27
UNG: Barne- og ungdomslag	6	6	13	14
UNG: Ungdomslag	8	6	2	1
UNG: Smågrupper	43	46	58	56
Totalt for UNG-lag	87	87	100	98

På grunn av nytt system og endring i kategoriseringen av lag, er ikke flere år tilbake tatt med i denne oversikten.

Forsamlingene i regionen driver et stort barne-, ungdoms- og familiearbeit. De har søndagsskole, bibelgrupper, temakvelder, leirer og aktiviteter tilpasset de forskjellige aldersgruppene. Flere av forsamlingene har dåp og konfirmasjon som en del av sitt tilbud. Vi ser et økende behov for ansattressurser i forsamlingene, også inn mot barne- og familiearbeitet.

Leirdeltakelsen viser en stigende trend etter nedgang rett før og under koronaen. Vi har fremdeles noe å gå på før vi er tilbake på de regionale leirdeltakertallene vi hadde for ti år siden, samtidig som vi nå i større grad har forsamlinger som arrangerer egne leirer med mange hundre deltakere per år. De fleste leirene har noe ledig plass, og vi jobber med å

fylle leirene enda bedre opp, både for at flere kan få glede av arrangementene og med tanke på at leirene skal gå mer i balanse.

Leir er en viktig ledertreningsarena og vi har mange unge som får prøve seg som ledere på leir. Etter hvert som de modnes og bygger seg opp erfaring, blir de utfordret på å dele vitnesbyrd, ha andakter og lede aktiviteter.

Arrangement	2024	2023	2022	2021	2020	2019	2018
Sætervika	504	443	329	255	201	358	510
Lyngmo	397	428	448	183	235	539	528
Skilbrei	207	205	203	138	147	201	216
Tabu	81	42	83	59	56	91	117
SommerTreff Sygna	77	68	55	58			
Ung:Disippel	139	123	65				
Totalt	1405	1309	1183	693	639	1189	1371

Leirstatistikk: *Tallene i tabellen viser antall deltakere på de ulike leirene sammenlagt per leirsted, hvor det totale deltakerantallet (1405) inkluderer gjentatte besøk på leir fra samme personer, og representerer dermed ikke unike individer.*

I tillegg til de 1405 deltakerne vi har hatt med på leir, har vi hatt hundrevis av ledere i sving på de ulike leirene.

Ung:Disippel er et regionalt ledertreningsprogram som går over tre år og starter med konfirmasjonstiden. Trinnene følger skoleåret og er delt inn i gruppene Ung:Konfirmant, Ung:Etterfølger og Ung:Leder. Ung:Konfirmant er et fullverdig konfirmantopplegg. Vi har bygget opp dette konseptet de siste årene, og høsten-23 startet første runde med alle tre trinn. Ung:Disippel blir gjennomført over fire helger per år. Da er det trinnvis undervisning og dessuten felles møter, aktiviteter, smågrupper og mye annet gøy på programmet.

SommerTreff ble for fjerde gang arrangert på Sygna, i samarbeid med de andre SommerTreff-arrangementene i landet. Vi opplevde en liten økning i deltakertallet og fikk noen fantastiske dager med aktiviteter, møter, lovsang og fellesskap. SommerTreff er mer enn en sommerleir på Sygna – det er en del av en større, nasjonal satsning. Vi ser framover og vurderer muligheten for å utvide festivalen til en større regional sommerleir. Samtidig ønsker vi å finne en balanse mellom vekst og kvalitet, noe som kan innebære å sette en øvre deltakergrense?

UL ble arrangert i IMI Forum i Stavanger, og flere ungdommer fra Misjonssambandet vest deltok både som ledere og deltakere. Vi ser imidlertid en nedgang i deltakelsen fra vår region, samtidig som andre sommerfestivaler har vokst frem. De siste årene har vi ikke fått til å organisere fellesreiser, noe som kan ha påvirket oppslutningen, men noen ungdommer har likevel tatt turen på egen hånd.

Gamingkveldene vi startet opp med på Askøy i 2022, er blitt godt etablert og vi hadde to samlinger per semester i 2024. På disse kveldene samles både ungdom fra Askøy og regionen ellers.

Institusjonene i Misjonssambandet vest gir oss en unik kontaktflate til barn og unge vi ellers ikke ville kommet i berøring med. Vi har ti hel- eller deleide barnehager tilknyttet Preg barnehager AS (tidl. NLM-barnehagene), to videregående internatskoler (Kongshaug og Sygna), seks Danielsen skoler drevet sammen med ImF og NLA Høgskolen som har flere eiere. Den viktigste trosformidlingen skjer i det daglige arbeidet på hvert enkelt sted, men vi i ungavdeling ønsker å være med og styrke dette arbeidet gjennom samarbeid med de ulike enhetene.

Ansatte i barne- og ungdomsarbeidet i regionen

Misjonssambandet Vest sitt barne- og ungdomsarbeid hadde i 2024 en total stillingsprosent på 525 %, fordelt på 14 personer. Dette inkluderer faste stillinger, vikarstillinger og vakante stillinger. For meir detaljert informasjon om dei tilsette, sjå vedlegg 4 på s. 68 i Årsmeldingsheftet del 2.

TAKK

Barne- og ungdomsrådet ønsker å takke alle som på ulike måter har bidratt med sin tjeneste i arbeidet i 2024. Vi ber om at dere må bli rikt velsignet!

Barne- og ungdomsrådet i Misjonssambandet vest

Siden årsmøtet i april 2024 består BUR av

Kristoffer Ytre-Arna Mjelstad (leder), Jonatan Hurthi, Ingebjørg Martinussen, Julie Vogelaar, Hanne Nordpoll Soltveit, Jonathan Olsen (1. vara), Maria Røysland Egeland (2. vara) og Hogne Berland (3. vara).

Sak 4: REKNESKAP

Årsrekneskap 2024 for Misjonssambandet vest

Her er oversikt over årsregnskapet 2024 for regionen, samanlikna med budsjettet for 2024 og årsrekneskapen 2023. Kolonnen til høgre viser med positiv eller negativ pil korleis årsrekneskapen 2024 gjorde det samanlikna med årsrekneskapen 2023.

	Rekneskap 24	Budsjett 24	Rekneskap 23	Endring ift. 23
Generelle gåver inkl. fast givarteneste	10 753 979	12 650 000	10 888 725	
Fast givarteneste	8 413 363		8 124 927	
Andre gåver	2 340 616		2 763 798	
Gåver til misjonsfelta	5 911 901	4 350 000	3 133 717	
Skuleprosjekt	4 083 807		1 303 416	
Andre gåver	1 828 094		1 830 301	
Sum gåver	16 665 880	17 000 000	14 022 442	
Salsinntekter	1 197 189	879 603	940 346	
Andre inntekter	200 029	230 000	196 654	
Tilskot og refusjon frå andre samarbeidsorganisasjonar	15 198	0	0	
Sum inntekter	18 078 296	18 109 603	15 159 442	
Varekostnader	816 437	712 778	732 098	
Personalkostnader	9 051 414	10 322 405	8 724 911	
Andre kostnader	2 125 353	2 330 716	2 058 733	
Sum kostnader	11 993 203	13 365 899	11 515 742	
Sum driftsresultat	6 085 093	4 743 704	3 643 700	
Sum finanspostar	40 581	22 906	41 139	
Regionbidrag ekskl. Gjenbruk	6 125 674	4 766 610	3 684 839	
Driftsresultat frå Gjenbruk	-138 319	0	1 769 245	
Regionbidrag inkl. Gjenbruk	5 987 355	4 766 610	5 454 084	
Regionbidrag ekskl. Gjenbruk - i % av gåver	36,76 %	26,30 %	26,28 %	

FORKLARING AV ÅRSREKNESKAPEN

2024 har vært eit godt finansielt år for Misjonssambandet vest, der auke i skulegåver er den største årsaka til det. Samla gaveinntekter i regionen auka i 2024 til 16,7 mill., opp med omlag 2,6 mill., frå 14,1 mill. i 2023. Regionbidraget, altså det vi kunne sende frå oss til hovudkassa etter at utgiftene i regionen var betalt, var på 6,0 millionar, som er omlag 0,5 millionar meir enn året før.

Større salsinntekter i 2024 kjem av at det er seld fleire billetter til leirar og andre arrangement. Dette fører naturlegvis også til ei auke i varekostnader andre kostnader.

Noko anna å merka seg er at gjenbruksbutikkane i regionen fekk eit samla underskot i år. Ettersom Gjenbruken er ei avdeling under hovedkassen, vil dette påverke regionens bidrag til hovedkassen. Dei høge kostnadane skyldast oppstart i Balestrand og flytting i Bergen, og kan såleis knytast til enkeltkostnader spesielt for 2024. Me ser derfor positivt på det kommande året for gjenbruksbutikkane våre, og vonar om positive tall ved neste år.

For fleire detaljar av korleis økonomien er fordelt i regionen, sjå Vedlegg 5 på s. 53 i Årsmeldingsheftet del 2. Her finn du *Gaveinntekter inkludert tilbakebetalingar til forsamlingar, Gaveinntekter fordelt på områder, og Gåver innsamla på skulane i Misjonssambandet vest*.



Er du fast giver?

Som fast giver er du med på å gi mennesker håp for livet og evigheten, og gi Misjonssambandet forutsigbarhet i gaveinntektene.

Du kan opprette giveravtale på gi.nlm.no, eller få tilsendt fast giver-skjema.

Du kan velge om du vil gi til

1. alt Misjonssambandets arbeid, gi.nlm.no/fast
2. en forsamling som har avtale om at ein del føres tilbake til forsamlingen for å dekke utgifter lokalt, gi.nlm.no/fordelte
3. et felt eller til et prosjekt, gi.nlm.no/prosjekt

Du kan selv velge godskriving til et misjonsfelleskap du ønsker å støtte.

Sak 5: VAL – Kandidatar

Regionstyret

Det skal veljast 2 medlemmer og 3 varamedlemmer

Valt for to år i 2024

Kurt Arild Ohma, 43 år, lektor på Sygna. Sogn


Jan Håkon Reinemo, 29 år, master i strategi og leiing/fysioterapeut, vikarierande administrasjonsleder i regionen. Bergen

Runhild Øvreås, 52 år, yrkesfaglærer på vgs. Fjordane

I presentasjonen står kandidatane alfabetisk etter etternamn.



Nils Helge Friborg, 48 år, Førde. Gravferdkonsulent. Område: Fjordane
Er med i Logoskyrkja i Førde og har vore fleire periodar i styret der. Er leirleder på Skilbrei ungdomssenter. Medlem i regionstyret.
Eg trur vi må fortsette å ha fokus på å styrke forsamlingane. Jobbe for at det er plass for alle generasjonar og folkeslag. Spesielt på dei mindre plassane treng ein ha god dialog og evt. samarbeid med andre kristne organisasjonar for å bygge Guds menighet.



Roald Viksund, 67 år. Pensjonist, tidligere spesialsykepleier. Område Askøy
Arbeidet med søndagskole og ten-arbeid. Vært styremedlem for Askøy NLM.
Med i bedehuskomite og Gjenbruken Askøy.
Ønsker å jobbe for evangeliet til alle i vår region. Gode erfaringer med
forsamlingsarbeid, leir og sommersamlinger for hele familien.



Nils Ivar Brennhaug, 59 år, Kolltveit, Sotra. Ledelse. Område Øygarden.
Medlem i Tremorkirka, aktiv i Bønn for Ågotnes. Tidligere skoleleder KVT,
Sygna og Danielsen Vgs og leder for PitStop Sotra
Jeg er opptatt av ledertrening og at alle nådegaver skal komme til uttrykk i
forsamlingene. Ytremisjon må bli elsket og bedt fram i forsamlingene våre.

Varamedlemer



Hans Einar Markhus, 49 år, Eikelandsosen. Dagleg leiar i Fusa sokn/fung. kyrkjeverje Bjørnafjorden. Område: Fusa og Samnanger Styrar Lyngmo ungd.senter, Utsending NLM til Kenya. Styreleiar Eikelandsosen bedehus, Misjonskonsulent Den norske Israelsmisjonen. Er 1. vara til regionstyret Vil arbeida for: Fokus på det lokale kristne fellesskapet både i foreiningar og andre fellesskap/kirkjelydar, og gjennom det halda høgt NLM som misjonalt fellesskap, lokalt og i verda; Verda for Kristus.



Siv-Merethe Myhr, 57 år, Eikangervåg. Gardsbruk og lærar på vaksen-opplæringa. Område: Nordhordland.
Vore NLM-kontakt. Med i styret i KIRO, leder i barnekubb, leirleder og med i en bønnegruppe.
Ønsker at evangeliet skal nå ut til alle, både her hjå oss og ut i verda, at folk må kjenna at «Min nåde er nok for deg».

Barne- og ungdomsråd (BUR)

Det skal veljast 2 medlemmer og 3 varamedlemmer

Valt for to år i 2024:

Kristoffer Ytre-Arne Mjelstad, 22 år, Student og daglig leder NLM Eiendom Bergen, Bergen

Hanne Nordpoll Soltveit, 32 år, Sjukepleier, Nordhordland

Julie Vogelaar, 18 år, elev på Sygna, Nordhordland

I presentasjonen står kandidatane alfabetisk etter etternamn.



Reidar Røyset Almedal, 24 år, Student NLA og vikarierende Barne- og familieleder Salem og vikarierende trinnleder Ung:Disippel region vest. Område: Bergen



Ida Vilsvik Heldal, 16 år, Frekhaug/Sygna. Skulelev. Område: Nordhordland
Elev på Sygna vgs, med som leiar på diverse leiarar for barn og ungdom.
Viktig for BUR å jobbe med å få mange engasjerte ungdommer til å være med som leder på leir. Viktig å kunne være et forbilde for de mindre. Ungdoms-leiderne var de jeg så mest opp til når jeg selv var deltager på leir som barn!



Simon Tobias Olsen, 16 år, Skuleelev, Vassenden. Område: Fjordane.
Har vore mykje leiar på leir på Skilbrei, både 1.-4. kl og 5.-7. kl. Er med på Ung:Disippel-programmet, går på Ung:Etterfølger. Reiser mykje rundt på ungdomsleirar.



Peter Aasland, 15 år, Førde. Område: Fjordane.
Har vore leiar på leir og liknande eit par gonger.

Varamedlemer



Isak Walde, 16 år, Straume/Framnes. Elev på Framnes vgs.

Tilsynsråd

Regionstyret foreslår å utsetja dette valet til neste årsmøte, eventuelt til eit ekstraordinært (digitalt) årsmøte til hausten dersom det vert nødvendig for å oppfylla vedtak og føringar på sommarens generalforsamlinga. Regionstyret avgjer dette etter årets generalforsamling.

Valnemnd

Valt for 2 år i 2024: Trond Kråvik, Daniel Flaktveit og Øystein Mongstad.

Det skal veljast to faste medlemmer og ein vara.

Jostein Moldsvor
Hardanger



Ingebjørg Hitland
Åsane



???



Ung:Konfirmant er et år der vi skal ta et dypdykk i Bibelen og bli kjent med Jesus!
Ung:Konfirmant er Misjons-sambandet sitt konfirmasjonsopplegg i regionen, er fra 9. kl

Ung:Etterfølger er et år som handler om å være en etterfølger av Jesus, en disippel hos Jesus.

Ung:Leder er et rent lederutviklingsår, og det tredje og siste året i Ung:Disippel